

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne - Reguleringsplan - Fv. 564 Fløksand - Vikebø - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

### Planforslaget

Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Alver kommune utarbeidd detaljregulering med konsekvensutgreiling for fv. 564 Fløksand - Vikebø. Prosjektet omfattar fv. 564 frå Fløksand til Vikebø på Holsnøy i Alver kommune og omfattar regulering av ca. 4 km med fylkesveg med parallel gang- og sykkelveg. Prosjektet er knytt til Nordhordlandspakken, og er nr. 4A på lista over prioriterte prosjekt. Ny veg skal avlaste kvikkleireområdet på Fløksand og Leiro, ved at delar av vegen blir lagt i ny trasé. Dagens fv. 564 er utbetra med blant anna parallel gang- og sykkelveg sør for Fløksand, medan den aktuelle strekninga frå Fløksand til Vikebø har varierande vegbreidde og kvalitet, og i tillegg manglar tilbod til mjuke trafikantar. Målet for planen er såleis betre trafikktryggleik i området.

### Automatisk freda kulturminne, konflikt med kulturminne-ID 272047, 272048, 272049

Forslag til reguleringsplan for fv. 564 Fløksand - Vikebø, planID 1256 20160010 - løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne.

Vi viser til motteke brev datert 23.02.2021 med vedlagt forslag til reguleringsplan for fv. 564 Fløksand - Vikebø, Alver kommune, Vestland fylke. Vi viser òg til brev datert 30.03.2021 frå Universitetsmuseet i Bergen med tilråding og fagleg gransking av kulturminna, dei har lagt fram forslag til budsjett for frigjevingsundersøkingane.

Innanfor planområdet er det registrert fem lokalitetar som er automatisk freda i medhald av *lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova)* § 4 første ledd. Tre av desse kjem i konflikt med føreslått arealbruk.

### Lov og styresmakt

#### Skildring av kulturminne i planframlegget

Vestland fylkeskommune gjorde arkeologiske registreringar i 2020. Totalt blei det registrert fem automatisk freda lokalitetar .

##### 1. Askeladden id. 272047 - Lokalitet 1. Dyrkingslokalitet

Askeladden id. 272047 vart påvist i dyrka mark på gnr. 43 nr. 8 på staden Ryland i nordlege del av planområdet. Lokaliteten består av eit dyrkingslag som vart påvist i sjakt 5. Sjaka ligg mellom 17 og 18 moh., i ei skrånning vendt mot søraust, like aust for låva på eigedomen og like sør for Rylandsvegen. Dyrkingslaget er C14 datert til  $560 \pm 30$  BP, seinmellomalder.

##### 2. Askeladden id. 272048 - Lokalitet 2. Dyrkingslokalitet

Askeladden id. 272048 vart påvist i dyrka mark på gnr. 43 bnr. 8, ca. 80 meter søraust for lok. 272047. Lokaliteten består to fasar med dateringar frå eldre romersk jernalder,  $1710 \pm 30$  BP og overgangen frå merovingartid til vikingtid,  $1240 \pm 30$  BP.

### **3. Askeladden id. 272049 - Lokalitet 3. Avsviings-/svedjelokalitet**

Askeladden id. 272049 vart påvist i dyrka mark på gnr. 43, bnr. 8, ca 100 meter søraust for lok. 272049. Lokaliteten består av eit avsviings-/svedjelag, og representerer truleg den første ryddinga av staden. Laget vart C14 datert til  $2440 \pm 30$  BP som er overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jernalder.

### **4. Askeladden id. 272050 - Lokalitet 4. Eldstad i hellar**

Askeladden id. 272050 vart påvist i ein hellar lokalisiert i utmarka like aust for Bjørndalsvegen, på gnr. 5, bnr. 3. Lokaliteten består av ein eldstad frå overgangen mellom vikingtid og tidleg mellomalder, C14 datert til  $950 \pm 30$  BP.

### **5. Askeladden id. 272197 - Lokalitet 5. Busetting/aktivitetsområde**

Askeladden id. 272197 vart påvist omlag 25 moh., på toppen av sadelryggen Eidet mellom Rylandsvatnet og Leiro. Lokaliteten ligg ca. 8 m aus for Bjørndalsvegen som går midt over Eidet. Busetnadane i steinalder låg tett på strandsona, i så høve vil strandlinjekurva plassera lokaliteten til eldre del av steinbrukande tid, altså tidleg mesolitikum (9500-8000 BC). Det var høvesvis flint som vart nytta som råstoff i denne perioden av steinalder, som stemmer godt overeins med funna som vart gjort på staden.

#### **Skildring av konflikt mellom arealbruk i planen og kulturminne**

Planforslaget er i konflikt med automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 272047, 272048 og 272049) då veganlegget er vist nær lokalitetane og planen legg opp til anna veggrunn innanfor området som er automatisk freda. For å sikre at ein har tilstrekkeleg vern og rom til aktivitet er dispensasjon frå kulturminnelova sitt vern vurdert til å vera mest tenleg.

#### **Universitetet i Bergen sine merknader**

Universitetet i Bergen ved Fornminneseksjonen er blitt lagt føre planen og er samde i at arealbruken som planen legg opp til er i konflikt med vern av dei automatisk freda kulturminna, og tilrår at det blir gitt dispensasjon frå kulturminnelova § 8.4 ledd for Askeladden id. 272047, 272048 og 272049 med vilkår om ei arkeologisk utgraving.

#### **Vestland fylkeskommune sine merknader og vurdering av saka**

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje- fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir tekne hand om på best mogleg måte og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Vi kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private omsyn og omsyn til samfunnet.

Kulturminneforvaltninga legg vekt på at utbetring og omlegging av eksisterande fv. 564 samt etablering av ny gang- og sykkelveg er tiltak for å betre trafikktryggleiken. Både for mjuke trafikantar og køyrande. Dette er samfunnsnyttige tiltak, og vi ser ikkje at det ligg føre klart betre alternativ. Dyrkings- og avsviingslag er vanleg førekommande kulturminne. Samstundes vil ei arkeologisk og paleobotanisk undersøking gje vitskaplege data som belyser jordbruksstrategiane innanfor ein kystnær region i jernalder og mellomalder.

Etter fylkeskommunen si vurdering kan reguleringsplan for fv. 564 Fløksand - Vikebø plan id. 1256 20160010 godkjennast under føresetnad av at det blir gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna, før tiltak etter planen blir gjennomført, jf. vedlagt kart datert 05.02.2021. I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavaren bere kostnadene for arkeologiske granskingar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, under dette endelege kostnader og avgrensing av undersøkingsområde, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksam på at ei arkeologisk utgraving normalt berre lèt seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavaren må ta omsyn til dette i planlegginga.

Tiltakshavar må varsle Vestland fylkeskommune i god tid før han ønskjer å gjennomføre tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter gjere vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket vil kunne klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

I følgje forslaget til budsjett frå Universitetet i Bergen ved fornminneseksjonen er ei utgraving av dei aktuelle kulturminna Askeladden id. 272047, 272048 og 272049 (gnr. 343, bnr. 8) vurdert til å koste inntil kr 460 248 i 2021- kroner og satsar. Riksantikvaren vil sjá nærmare på forslag til budsjett og arbeidsomfang før det blir gjort vedtak etter kulturminnelova § 10.

Kulturminna, med kulturminne-ID 272047, 272048 og 272049, er markert i plankartet som bestemmelsesområde #36, #37 og #38.

Denne teksten skal takast inn i *fellesføresegnene* i reguleringsplanen:

«Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna:

ID 272047 som er merka som område for føresegn # 36 i plankartet.

ID 272048 som er merka som område for føresegn # 37 i plankartet.

ID 272049 som er merka som område for føresegn #38 i plankartet.

Tiltakshavaren skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.»

#### **Utgifter til arkeologisk gransking**

Tiltakshavar skal dekke kostnadene for granskinga, dersom det ikkje er grunnlag for heil eller delvis statleg dekning, jf. kulturminnelova § 10.

#### **Vilkår for dispensasjon**

Dispensasjonen frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset at teksten vist ovanfor blir innarbeidd i reguleringsføresegnene.

Dersom kommunen gir melding om at den nemnde teksten **ikkje** vil bli innarbeidd i reguleringsføresegnene, og fylkeskommunen ikkje reiser motsegn mot planen, må fylkeskommunen straks varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt reise motsegn mot planen.

#### **Nyare tid**

Når det gjeld etter-reformatoriske kulturminne, viser vi til tidlegare fråsegn i sak gitt i 2019. Der påpeikte vi at det er viktig at ikkje berre kjende bygningar/bygningsmiljø vert omtalt og vurdert i det vidare planarbeidet, men også andre synlege kulturlandskapselement. Det er ikkje utarbeidd kulturminneplan som omfattar det gjeldande området, men i temaplan som gjeld kjerneområde for landbruk (KPA 2012-2016) er Ryland og Fløksand løfta fram som kjerneområde for kulturlandskap med særleg gode landskapskvalitetar. Begge desse områda kan vise til eit spekter av kulturminnekategoriar med stor tidsdjupne.

Temarapporten for kulturarv skildrar på ein god måte konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø, der analyseområdet omfattar 6 kulturmiljø som er typiske for regionen. Her blir særleg Fløksand, Vikebø, Rossland og Ryland (Åsebø og Skintveit) framheva. Det blir elles vist til at kulturmiljøa i resten av planområdet er meir endra, utan freda kulturminne, er typiske for regionen, og har enkeltminne med liten til middels kulturhistorisk verdi. Fleire SEFRAK-bygg i gul kategori ligg i nærføring til dei gjenståande trasealternativa. Det vil seie bygg som er oppført etter 1850, og ikkje er meldepliktige til fylkeskommunen. Vi vil understreke at det er Alver kommune sitt ansvar å vurdere kulturminneverdiane til desse bygga, og sørge for å ivareta dei verdiane som er viktige i eit lokalt perspektiv.

#### **Konklusjon**

Det gis løyve til inngrep i Askeladden id- ID 272047, id- 272048 og id- 272049 som er merka i plankartet som #36, #37 og #38 . Dei nemnte reguleringsføresegnene skal innarbeidast i planen.

Med helsing

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift*

Kopi til:

RIKSANTIKVAREN Postboks 1483 Vika